

Jf. adresseliste

Sakshandsamar: Finn Owen Meling
Telefon direkte: 45427874
Dato: 13.08.2020
Referanse: 20/13531-7

Høyring - søknad om konsesjon for landingsplass for helikopter på Sunde i Kvinnherad

Handeland Gard AS (org 986417192), har sendt ein søknad til Luffartstilsynet, mottatt 1. juli i år, om konsesjon for å starta opp, driva og ha ein helikopterplass på Grønaneset ved Sunde, nær Husnes, i Kvinnherad kommune.

1. Nærare om søknaden

Søknaden er følgt opp med ein del etterføljande korrespondanse med Luffartstilsynet. Det går såleis fram at søkjaren ønskjer å nytta landingsplassen til privat bruk for føretaket, og ikkje som kommersiell tilbydar av transporttenester. Den private bruken er retta inn mot persontransport for føretaket sine tilsette.

Føretaket vil primært nytta helikopter av typen Airbus EC 120B, og sporadisk Airbus H 125. Søkjaren gjev uttrykk for at dei vurderer å skaffa seg eit eige helikopter, som Luffartstilsynet forstår vil vera stasjonert på landingsplassen.

Det vert søkt om løyve til inntil 20 flyrørsler per veke, som svarar til 1040 årlege flyrørsler, i samsvar med støyutrekninga som følgde med søknaden. Landingsplassen er tenkt å ha opningstider måndagar til fredagar kl. 07-19, og helge- og heilagdagane kl. 09-19. Hovuddelen av bruken vil skje på vekedagane. Søkjaren gjev likevel uttrykk for at dei ønskjer høve til unntaksvis å kunna fly utanom opningstidene, truleg sjeldnare enn ein gong annakvar veke.

Landingsplassen vil bli brukt til VFR-flyging (visuelle flygereglar) i dagslys sommar og vinter. Hovuddelen av flygingane vil såleis skje i sommarhalvåret.

Når det gjeld inn- og utflygingstrasear, viser søkjaren til den vedlagte støyrapporten¹. Her går det fram at 70 % av trafikken er tenkt å villa følgja ein trasé i vestleg/sørvestleg retning sett frå landingsplassen, medan 30 % av trafikken er tenkt å følgja ein trasé i nordaustleg retning. Den vestleg/sørvestlege traseen kryssar fylkesveg 5026 i høvesvis kort avstand frå landingsplassen. Søkjaren skriv at helikopter som kryssar fylkesvegen til og frå landingsplassen truleg vil ha ei høgde over veggen på mellom femti og hundre fot.

¹ Sjå illustrasjon på side 5 i støyrapporten.

Vår dato
13.08.2020

Vår referanse
20/13531-7

Søkjaren har også sendt over eit kart over luftfartshinder nær den påtenkte landingsplassen. Her kjem det fram at det ikkje er nokre hinder i tett nærleik, anna enn ei delvis demontert kran på den andre sida av vågen. Søkjaren skriv at han ikkje reknar med at denne krana vil koma i bruk igjen. Slik ho står no, ragar ho ikkje høgare enn andre eksisterande bygg.

Når det gjeld andre potensielle brukarar av landingsplassen, så har søkjaren opplyst at både politiet og ambulansetenesta har vore i kontakt med dei og uttykt ønskje om å kunne nytta landingsplassen. Søkjaren har opplyst om det ligg ambulansebåt stasjonert rett vest for landingsplassen. I dag vert vegbanen nytta for å ta ned luftambulanse når dei lastar om pasientar. Etersom det i dag ikkje finnes godkjende landingsplasser i Kvinnherad, har ambulansetenesta spurt om å få nytta den aktuelle landingsplassen det no vert søkt om, ettersom det vil innebera ein sikrare og meir skånsam operasjon. Vidare har politiet ytra ønskje om å nytta plassen ved behov. Søkjaren viser til at det mellom anna har vore ein drastisk auke i redningsaksjonar i fjellheimen i Kvinnherad. Vidare skriv søkjaren at dei har drivstoff tilgjengeleg gjennom eit svært avansert og godkjent anlegg. Dagens praksis er å fly til Flesland for å få drivstoff.

2. Konesjonsregelverket

Alle som vil starta opp, driva eller ha ein landingsplass skal som hovudregel inneha konsesjon, jf. lov 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal bli henta inn fråsegn frå relevante kommunale og andre styresmakter før konsesjon eventuelt blir gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er nærare presisert i forskrift 11. januar 2007 nr. 40 om konsesjon for landingsplasser (BSL E 1-1 – heretter konsesjonsforskrifta) § 1 bokstav b, som har slik ordlyd:

«Formålet med forskriften er:

b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»

Det følgjer vidare av luftfartslova § 7-7 at konsesjon blir gitt for ei bestemt tid, og på slike vilkår som ein finn grunn til å krevja. Konsesjon for landingsplassar til privat bruk blir som hovudregel gitt for ein periode på 10 år, i samsvar med konsesjonsforskrifta § 15.

3. Høyringa

Luftfartstilsynet ber høyringsinstansane om ei vurdering av etablering og drift av landingsplassen opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tatt inn i konsesjonsforskrifta § 1 bokstav b.

Utanom dei forholda høyringsinstansane eventuelt sjølv ønskjer å ta opp, ber me om at det i fråsegna blir tatt stilling til dei forholda som er framheva i pkt. 3.1 med vidare nedanfor.

3.1 Forholdet til kommunal arealplan

Det følgjer av luftfartslova § 7-6 tredje og fjerde ledd at konsesjon som hovudregel ikkje kan bli gitt i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningsloven. Ein kan likevel gi konsesjon i

strid med arealplan dersom vedkomande plan- og bygningsstyresmakt samtykker til ferdigbehandling av konsesjonssøknaden.

Luftfartstilsynet forstår det slik at gjeldande reguleringsplan for området er plan nummer 20060009 for Opsangervågen Industriområde. Luftfartstilsynet finn det noko uklårt kor vidt landingsplass for helikopter kan bli sagt å vera i tråd med reguleringsplanen, slik denne er utforma. Ifølgje søkjaren har Kvinnherad kommune funne at søknaden om konsesjon for landingsplass er innafor retningslinjene til planen. Luftfartstilsynet har ikkje fått noko klår dokumentasjon på dette. Me ber difor planstyresmaktene om særskilt å kommentera dette punktet i høringsrunden.

3.2 Forholdet til naturmangfaldlova

Ved vurdering av konsesjonssøknaden legg Luftfartstilsynet vekt på lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova), §§ 8 til 12, jf. § 7.

Søkjaren har lagt ei miljøutgreiing ved søknaden, som er utforma som en eigaerklæring i tråd med ein mal som går fram av vegleiinga til konsesjonsforskrifta. Av eigaerklæringa går det fram at søkjaren ser det som lite sannsynleg at tiltaket vil få vesentleg innverknad på miljøet, og slik sett naturmangfaldet.

Luftfartstilsynet er ikkje kjend med naturtilhøve i området som ein burde vera særskilt varsam på i denne samanhengen. Sjølve landingsplassen ligg på/ved eit etablert industriområde. Me har gjort eit oppslag i kartoversikta til artsdatabanken, men ser ikkje ut frå dette at det er grunn til å tru at det fins artar som skulle bli truga av at det vert etablert ein landingsplass. Me ser riktig nok at det er gjort ei registrering av bergand, som er rekna som ein sårbar art, i den skisserte nordaustlege inn-/utflygingsretninga frå landingsplassen. Kor vidt dette indikerer fast tilhaldsstad for arten, kjenner me ikkje til. Funnet er registrert på innsida av sundet inn mot Opsangervatnet, og Luftfartstilsynet går ut frå at dette er såpass langt frå sjølve landingsplassen at helikopter som flyg til/frå landingsplassen på dette stadiet vil ha ei såpass stor høgde at det ikkje vert særleg trugande mot fuglelivet.

Luftfartstilsynet ser likevel gjerne at kyndige instansar kommenterer behovet for ytterlegare utgreiing av spørsmål knytt til naturmangfald.

3.3 Støy

Når det gjeld støy, så har søkjaren lagt ved ei støyutrekning utarbeidd av SINTEF i mars 2020. Denne rapporten baserer seg på flyging med helikoptertypen Airbus EC 120B, og sporadisk Airbus H 125 (AS350).

Det er estimert 20 flyrørsler per veke, kor det meste av trafikken er venta å villa skje på dagtid (07-19), med sporadisk aktivitet på kveld (19-23). I utrekningane er det lagt inn ein avgang eller ei landing på kveld annakvar veke, og ein gong i månaden før kl. 07 om morgonen.

På dette grunnlaget vurderer SINTEF det slik at ingen bygningar med støysensitivt bruksformål kjem innanfor raude eller gule støysoner.

Luftfartstilsynet understreker at støysonene som vert nytta i støyrapporten byggjer på standardiserte retningslinjer². Det kan difor likevel bli opplevd belastande støy utanfor støysonene, og det er ikkje noko i vegen for at også slik støy kan få tyding ved vurderinga av konsesjon for landingsplassen.

4. Namnet på landingsplassen

Ifølgje konsesjonsforskrifta § 7 første ledd skal ein søknad om konsesjon innehalda forslag til namn på landingsplassen. Namnet skal fylla dei krava som følgjer av § 7 andre ledd:

«Det offisielle navnet på landingsplassen skal bestå av tre elementer der det første skal være nærmeste by eller tettsted. Det andre elementet er enten lufthavn, flyplass, helikopterplass eller sjøflyplass. Det tredje elementet skal angi et lokalt stedsnavn som kan benyttes blant annet som kallesignal.»

Søkjaren har i søknaden omtalt landingsplassen som Husnes helikopterplass, Sunde. Luftfartstilsynet si foreløpige oppfatning er at namnet tilfredsstiller krava i konsesjonsforskrifta.

5. Konsesjonsvilkår

Luftfartstilsynet har lagt ved eit utkast til konsesjonsvilkår. Vilkåra byggjer på Luftfartstilsynet sin generelle praksis og mal for vilkår, og på opplysningar i søknaden.

Talet på fløyørsler som er nemnde i utkastet til konsesjonsvilkår vil famna om all aktivitet på landingsplassen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal på fløyørsler, må konsesjonen først bli endra.

Me understreker at dei vedlagde konsesjonsvilkåra er førebelse utkast, og at desse såleis kan bli endra i etterkant av høyringa, også på grunnlag av mottatte fråsegn i høyringsperioden.

6. Høyringsfrist

Me ber om at eventuelle fråsegn til søknaden blir sende til Luftfartstilsynet **innan 13. november 2020**.

Fråsegn kan bli sendt pr. e-post til: postmottak@caa.no, eller pr. post til: Luftfartstilsynet, Pb 243, 8001 Bodø. Merk helst fråsegn med saksnummer 20/13531.

Med unntak av dette høyringsbrevet, blir ikkje dokumenta som inngår i høyringa sende til høyringsinstansane. Alle høyringsdokumenta er tilgjengelege på www.luftfartstilsynet.no, under «Høyringer».

Kommunen må i samband med høyringa sjølv vurdere om søknaden skal bli lagt ut på lokal kommunal høyring før eventuell fråsegn blir gitt.

² Klima- og miljødepartementet si retningslinje T-1442.

Vår dato
13.08.2020

Vår referanse
20/13531-7

Med vennleg helsing

Hege Susann Aalstad e.f.
fungerande avdelingsdirektør
Direktoratsavdelingen

Finn O. Meling
juridisk seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og krev difor ikkje signatur.

Adresseliste:

- Kvinnherad kommune
- Vestland fylkeskommune
- Fylkesmannen i Vestland
- Statens vegvesen
- Norsk Ornitologisk Forening
- Naturvernforbundet

Kopi:

- Handeland Gard AS

Vedlegg:

- Handeland Gard AS sin søknad om konsesjon, med vedlegg